

Ugradert

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Deres ref: 200912240-
4/313/ENDKOR
Vår ref: 2010/37175
Dato: 31.05.2010
Org.nr: 985 399 077

ATT: Endre Korsøen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 200912240	Dok.nr. 8
03 JUNI 2010	
Arkivnr. 313	Saksh. ENDKOR
Eksp.	
U.off.	

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

MARINE HARVEST NORWAY AS, 13965 NESBØ/GJELDSVIK – LØYVE TIL Å UTVIDA MTB TIL 3120 TONN OG JUSTERA PLASSERINGA AV ANLEGGET.

Viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS datert 9. desember 2009 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune Mattilsynet den 18. februar 2010. Søknaden gjeld løyve til å auke den tillatne biomassen med 1560 tonn MTB til 3120 tonn MTB på eksisterande lokalitet 13965 Nesbø/Gjeldsvik i Lindås kommune. Søknaden gjeld også utviding av anlegget med 2 merdar i nord og å dreie det ca 30 til 45 grader mot nord.

Søknaden er vurdert i høve til *Forskrift nr 823 av 17. juni 2008 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m.* (Forskrift om utviding av akvakulturanlegg mv). Dette er ei relativt ny forskrift som trådte i kraft 1. august i 2008. Den viktigaste endringa i den nye forskrifta, er at fiskevelferd også skal vurderast, i tillegg til fiskehelse, ved godkjenning og utviding av akvakulturanlegg.

Bakgrunn

Føremålet med forskrifta er å fremja god helse hjå akvatiske dyr og å ta vare på god velferd hjå fisk. God dyrehelse vert oppnådd mellom anna ved å førebyggja, overvåke og kjempa mot smittsam sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr. Plassering av eit akvakulturanlegg i høve til andre verksemder og det omliggjande miljøet er avgjerande for førebyggjing, avgrensing og utrydding av smittsam sjukdom. Produksjonsomfang, biomasse med fisk på anlegget spelar også ei rolle for sjukdomsstoda og evt. smittefare i gjeldande område.

Utviding må ikkje innebera uakseptabel risiko for spreiring av smitte, herunder smitte inn til akvakulturanlegget og det omkringliggjande miljøet. I vurdering av smittefaren skal det leggjast særleg vekt på avstand til vassdrag, anna akvakulturrelatert verksemd og til grupper av akvakulturanlegg. Det skal også leggjast vekt på kva for ein art som skal produserast, driftsform og produksjonsomfang.

Mattilsynet
505000 - Distriktskontoret for Bergen og omland

Saksbehandlar: Janet L.W. Bakke
Tlf: 55215800
Besøksadresse: Bontelabo 8B, 5003 Bergen
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Husk mottakers navn)

Postadresse: 505000 - Distriktskontoret for Bergen og omland
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

www.mattilsynet.no

Velferd

Avstand til anna relevant aktivitet.

Ved vurdering av smittefare skal det leggjast særleg vekt på avstand til anna akvakulturrelatert verksemd.

Oppdrett i området innan 2,5 km i sjø:

Ingen.

Næraste godkjende lokalitet for fiskeoppdrett er på andre sida (nord) av Austfjorden. Denne lokaliteten, 13704 Vikane I, tilhøyrrer Marøy Salmon AS. Ifylgje eigaren, Ronald Marøy, i telefonsamtale 28.05.10 med Mattilsynet, Janet Bakke, er det planar om utsetjing av laks hausten 2010 for å kome i rute med brakkleggingsperioden til Nesbø/Gjeldsvik lokaliteten.

Avstand	Lokalitet	Lokalitetsnr.	Type	Art	Kommune
2,8 – 3,0 km	Vikane I	13704	Matfisk	Laks	Masfjorden

Lokaliteten imøtekjem dermed dei tilrådde minsteavstandane oppgjeve i veileiaren til *etableringsforskrifta*.

Miljøtilhøva på lokaliteten

Vedlagt søknaden frå Marine Harvest er resipientundersøkinga (MOM-B) av Frode Haveland, datert 28.10.2009. I fylgje data rapportert i AltInn (MATS), var det relativt stor produksjon på Nesbø/Gjeldsvik i oktober 2009, med fisk på ei gjennomsnittsvekt på 3 kg i merdane. Prøvetakinga var derimot føreteken på punkt der anlegget skal stå etter den planlagte dreinga, dvs. punkt utan belastning på prøvetidspunktet.

Ifylgje resipientanalysen frå Frode Haveland er det nye lokalitetsområdet ubelasta med tilførsel av organisk materiale frå oppdrettsanlegget, og er gjeve ein miljøtilstand på 1. Samtlege av dei 10 prøvepunktene er karakterisert som "Lite påvirket".

Vedtak

Med heimel i *Forskrift nr 823 av 17. juni 2008 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m.* § 5, gjev Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland, Blom Fiskeoppdrett AS løyve til å auke tillat MTB til 3120 tonn på lokaliteten 13965 Nesbø/Gjeldsvik som spesifisert under:

Selskap	: Blom Fiskeoppdrett AS
Adresse	: 5337 Rong
Konsesjonsnr.	: H ML0001
Art(er)	: Laks (<i>Salmo salar</i>) og Regnbogeaure (<i>Oncorhynchus mykiss</i>)
Type oppdrett/anlegg	: Stålanlegg
Lokalitet/ - nr.	: Nesbø/Gjeldsvik / 13965
Lokalitetsplassering	: Lindås kommune, Austfjorden
Maksimalt tillat biomasse	: 3 120 tonn

Den som får løyve etter ovannemnte forskrift må sjølv ta evt. tap ved iverksetjing av tiltak med heimel i Lov nr 124 av 19. desember om matproduksjon og mattrygghet m.v. (matloven) jf § 22.

Brot på aktuelle lovar og forskrifter, eller samsvar med disse, kan føre til tvangstiltak, tvangsmulkt eller straff, jf Lov om matproduksjon og mattrygghet mv., §§ 24, 25, 26 og 28.

Vi ber Hordaland Fylkeskommune om å vidareføra vedtaket i samband med sakshandsaminga av saka etter Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17. juni 2005.

Løyve frå Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland, er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve endeleg løyve til den omsøkte aukinga av biomasse.

Vedtaket kan påklagast av søkjaren innan tre veker etter at endeleg avgjerd er motteke frå Hordaland Fylkeskommune.

Med helsing


Ase Ellen Bech
Seksjonssjef


Janet L.W. Bakke
Førsteinspektør

Kopi m/vedlegg til:
Kopi til:

Vedlegg:

Blom Fiskeoppdrett AS
Fiskeridirektoratet Region Vest
Mattilsynets regionkontor for Hordaland, Sogn og Fjordane
Klageskjema

Mattilsynet
Distriktskontoret for Bergen og omland

Saksbehandlar: Janet L.W. Bakke
Tlf: 55215800
Besøksadresse: Bontelabo 8B, 5003
Bergen
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Husk mottakers navn)

Postadresse: 505000 - Distriktskontoret
for Nordhordland
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01
E-post: postmottak@mattilsynet.no